



Møteprotokoll

Utval:	Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne
Møtestad:	Kommunesenteret - møterom 3109
Dato:	09.03.2026
Tid:	Kl. 11:00 - 12:40

Følgjande medlem møtte

Elisabeth Scheen Bøe

Merete Tisthamar

Oddmund Teigland

Inge Fænn

Astrid Palma Sandvik

Parti

H

R

Forfall meldt frå følgjande medl.

Knut Johan Tjugen

Maria Ulvedal

Parti**Følgjande varamedlem møtte Parti****Underskrifter:**

Inge Fænn
-leiar-

Jannike Sunde
folkehelse rådsgjevar

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
004/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
005/26	Godkjenning av protokoll frå forrige møte
006/26	Referatsaker
007/26	Framlegg til høyring - Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030
008/26	Stryn kulturskule - friplassar for elevar
009/26	Kommunedelplan helse- og sosial 2026 - 2030, framlegg til høyring

004/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne 09.03.2026:

Handsaming:

Ønskjer å ha møte eit par dagar før utvalsmøter, og få same møtepapira som utvala får.
Vedrørande frammøteskjema: Feil namn, det står «Astrisi»

REF- 004/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

005/26: Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne 09.03.2026:

Handsaming:

Tykkjer referatet frå førre møte kom seint.

REF- 005/26 Vedtak:

Protokoll frå forrige møtet vart godkjent.

006/26: Referatsaker

Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne 09.03.2026:

Handsaming:

Inge Fænn skal tale i kommunestyret torsdag 12.mars. Kort gjennomgong av kva Inge ønskjer å informere om vedrørande saker som rådet er opptekne av:

- Eigenandel på praktisk bistand- brev er oversendt til Eivind Hopland v/økonomiavdeling i Stryn
- Beredskap, spørsmål om beredskapsplan og beredskapsråd i kommunen
- Utgreiing av varmtvassbasseng

Gjennomgong årsrapport Hukommelsesteam 2025

Vara- Knut Tjugen har for tida ikkje vara, dette vert sak på komande kommunestyremøte. Kan ein bruke ein annan vara dersom det er vanskeleg å få tak i ein personleg vara?

REF- 006/26 Vedtak:

Referatsaker vert teke til vitande.

007/26: Framlegg til høyring - Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I samsvar med plan- og bygningslova vert framlegg til Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030 lagt ut til offentleg høyring i seks veker.

Inkluderingsutvalet 10.02.2026:

Handsaming:

Ingrid Heieren Sølberg orienterte om frivilligpolitikk som no skal ut på høyring.

Torstein Tinnereim kom med slikt tilleggsframlegg:

Inkluderingsutvalet støttar det som så langt ligg til grunn for høyring. Kultur og frivilligheit er kanskje den viktigaste inkluderingsarenaen. Istryn er viktig å få til å fungere for alle og blir gjort tilgjengeleg på fleire språk. Vi må også passe på at vi når både dei eldre og dei yngre. Dette kan vere gjennom App-tilgang, og gjennom skriftleg informasjon. Det er mykje midlar ein kan søkje på i inkluderingsfeltet. Inkluderingsutvalet oppmodar om at ein ser på dette, slik at det kan kome ekstra midlar inn og dermed mogleg å satse ekstra på å få inkludert flest mogleg. Kan ein nytte Fjordingen som plattform for kva som finst av ulike organisasjonar i Stryn kommune?

Kommunedirektøren sitt framlegg med tilleggsframlegg frå Torstein Tinnereim vart samrøystes tilrådd.

IU- 004/26 Vedtak:

I samsvar med plan- og bygningslova vert framlegg til Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030 lagt ut til offentleg høyring i seks veker.

Inkluderingsutvalet støttar det som så langt ligg til grunn for høyring. Kultur og frivilligheit er kanskje den viktigaste inkluderingsarenaen. Istryn er viktig å få til å fungere for alle og blir gjort tilgjengeleg på fleire språk. Vi må også passe på at vi når både dei eldre og dei yngre. Dette kan vere gjennom App-tilgang, og gjennom skriftleg informasjon. Det er mykje midlar ein kan søkje på i inkluderingsfeltet. Inkluderingsutvalet oppmodar om at ein ser på dette, slik at det kan kome ekstra midlar inn og dermed mogleg å satse ekstra på å få inkludert flest mogleg. Kan ein nytte Fjordingen som plattform for kva som finst av ulike organisasjonar i Stryn kommune?

Utval for samfunnsutvikling 12.02.2026:

Handsaming:

Ingrid Heieren Sølberg deltok under saka for å orientere og svare på spørsmål.
Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

USA- 007/26 Vedtak:

I samsvar med plan- og bygningslova vert framlegg til Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030 lagt

ut til offentlig høyring i seks veker.

Utval for helse og sosial 12.02.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd

UHS- 007/26 Vedtak:

I samsvar med plan- og bygningslova vert framlegg til Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030 lagt ut til offentlig høyring i seks veker.

Utval for oppvekst 12.02.2026:

Handsaming:

Det blei orientert om framlegg til frivilligpolitikk for perioden 2026–2030. Planen skal styrke og vidareutvikle frivillig sektor i tråd med samfunnsplanen Fagre Stryn 2.0. Framlegget byggjer på innspel frå lag og organisasjonar og skal leggjast ut til offentlig høyring i seks veker.

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

UOP- 005/26 Vedtak:

I samsvar med plan- og bygningslova vert framlegg til Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030 lagt ut til offentlig høyring i seks veker.

Formannskapet 24.02.2026:

Handsaming:

Representanten Rune Myklebust hadde fått permisjon, det var 6 røsyteføre

Framlegg frå Utval for helse og sosial, Utval for oppvekst og Utval for samfunnsutvikling samrøystes tilrådd

FO- 015/26 Vedtak:

I samsvar med plan- og bygningslova vert framlegg til Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030 lagt ut til offentlig høyring i seks veker.

Ungdomsrådet 02.03.2026:

Handsaming:

Informasjon v/ samfunnskoordinator Siri Linn Opsal om arbeidet som er gjort med frivilligpolitikk i Stryn, samt gjennomgang av dokumentet.

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd

UR- 012/26 Vedtak:

I samsvar med plan- og bygningslova vert framlegg til Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030 lagt ut til offentleg høyring i seks veker.

Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne 09.03.2026:**Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

REF- 007/26 Vedtak:

I samsvar med plan- og bygningslova vert framlegg til Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030 lagt ut til offentleg høyring i seks veker.

008/26: Stryn kulturskule - friplassar for elevar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Inkluderingsutvalet 10.02.2026:**Handsaming:**

Coopordninga gjeld no kun for idrett. Det betyr no at Kulturskulen ikkje har noko ordning med friplass.

Torstein Tvinnereim kom med slikt tilleggsframlegg:

Inkluderingsutvalet ser det som særst positivt at ein prøver ut ordninga og vonar ordninga kan halde fram også etter prøveperioden.

IU- 005/26 Vedtak:

Inkluderingsutvalet kjem med slik uttale i saka:

Inkluderingsutvalet ser det som særst positivt at ein prøver ut ordninga og vonar ordninga kan halde fram også etter prøveperioden.

Utval for samfunnsutvikling 12.02.2026:**Handsaming:**

Friplasser i Stryn Kulturskule, foreslått av Vegard Sindre Bjørlykke,
FramstegspartietFramstegspartietFramstegspartiet

Med bakgrunn i kommunen sin økonomiske situasjon vil det ikkje gått vidare med arbeidet ang friplasser i Stryn Kulturskule.

Nytt forslag

Ingrid Heieren Sølvberg deltok under saka for å orientere og svare på spørsmål.

Vegard Bjørlykke (Frp) kom med følgjande framlegg:

Med bakgrunn i kommunen sin økonomiske situasjon vert det ikkje gått vidare med arbeidet ang friplasser i Stryn Kulturskule.

Framlegget frå Bjørlykke fekk 1 røyst og fall.

Kommunedirektøren sitt framlegg vart tilrådd med 6 røyster.

USA- 008/26 Vedtak:

Stryn kulturskule ønskjer å sjå vidare på ei ordning for å kunne tilby friplassar for elevar. Ein ser føre seg start frå hausten 2026 med 10 friplassar, med evaluering etter eit halvt år. For at dette skal vere ei varig ordning vil kulturskulen fremme eit tiltak budsjett for 2027 med kostnad for 10 plassar.

Formannskapet 24.02.2026:

Handsaming:

Representanten Rune Myklebust hadde fått permisjon, det var 6 røsyteføre

Framlegg frå Utval for samfunnsutvikling samrøystes tilrådd.

FO- 016/26 Vedtak:

Stryn kulturskule ønskjer å sjå vidare på ei ordning for å kunne tilby friplassar for elevar. Ein ser føre seg start frå hausten 2026 med 10 friplassar, med evaluering etter eit halvt år. For at dette skal vere ei varig ordning vil kulturskulen fremme eit tiltak budsjett for 2027 med kostnad for 10 plassar.

Ungdomsrådet 02.03.2026:

Handsaming:

Ungdomsrådet er samde med uttale frå Frp, med bakgrunn i kommunen sin økonomiske situasjon.

Ungdomsrådet foretrekk ei løysing med inntektsgradert reduksjon i pris for husstandar med låg økonomi, og vurderar dette som beste alternativ. Rådet vurderar også at ein eigenandel kan sikre at deltakar er motivert for å gå på kulturskulen.

Ungdomsrådet sitt framlegg er samrøystes vedteke.

UR- 013/26 Vedtak:

Ungdomsrådet er samde med uttale frå Frp, med bakgrunn i kommunen sin økonomiske situasjon.

Ungdomsrådet foretrekk ei løysing med inntektsgradert reduksjon i pris for husstandar med låg

økonomi, og vurderar dette som beste alternativ. Rådet vurderar også at ein eigenandel kan sikre at deltakar er motivert for å gå på kulturskulen.

Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne 09.03.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

REF- 008/26 Vedtak:

Stryn kulturskule ønskjer å sjå vidare på ei ordning for å kunne tilby friplassar for elevar. Ein ser føre seg start frå hausten 2026 med 10 friplassar, med evaluering etter eit halvt år. For at dette skal vere ei varig ordning vil kulturskulen fremme eit tiltak budsjett for 2027 med kostnad for 10 plassar.

009/26: Kommunedelplan helse- og sosial 2026 - 2030, framlegg til høyring

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet legg forslag til kommunedelplan for helse og sosial ut på offentleg høyring i tråd med plan- og bygningslova § 1114.

Formannskapet 24.02.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedteke.

FO- 006/26 Vedtak:

Formannskapet legg forslag til kommunedelplan for helse og sosial ut på offentleg høyring i tråd med plan- og bygningslova § 1114.

Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne 09.03.2026:

Handsaming:

Det er viktig at bustadplanen og helse- og sosialplanen vert sett i tydeleg samanheng. Bustadpolitikken er ein sentral del av det førebyggjande helsearbeidet i kommunen. Rådet meiner det bør vere særleg fokus på å utvikle fleire sentrumsnære bustader som er tilrettelagt ulike behov, både til leige og eige, slik at flest mogleg kan vere sjølvhjelpne lengst mogleg, vere aktive, sosiale, har god helse og kan bu i bustader som er eigna for alderdomen.

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

REF- 009/26 Vedtak:

Formannskapet legg forslag til kommunedelplan for helse og sosial ut på offentlig høyring i tråd med plan- og bygningslova § 1114.